

Preike 24. aug 2025
Molde domkirke

Gravitasjon

Går det an å fri seg frå tyngdekrafta?

I myter og i religion opp gjennom heile vår historie har det funnast vesen med vengjer. Pegasus, vengjehesten, kan vi sjå på himmelen no når det byrjar bli mørkere om kveldane. I kunsten vert englar som regel framstilte med venger, slik som den unge mannen på den gamle altartavla vår. Og vesena i Johannes openberring, dei som står for Guds trone, har seks vengjer kvar.

Allereie på slutten av 1400-talet teikna Leonardo da Vinci eit slags fuglehelikopter. Men det var ikkje før 17. des 1903 at mennesket for første gong tok av frå bakken. Over ein forblåst sandbanke i North Carolina i USA flaug brørne Wilbur og Orville Wright i 12 sekund i eit fly. Avstanden vart målt til 37 meter, som er kortare enn vengespenet til ein Boeing 747. Men dei gjorde fleire forsøk same dag. Og då dagen var omme, hadde dei greidd å flyge i 59 sekund.

*

Jesus snakkar om fridom i dag. Og om det å vere bunden. Og vi menneske har vel alltid lengta etter fridom. Å kunne legge frå oss problema våre og flyte på vindane. Fri frå det som bind oss. Kanskje frå sjølve tyngdekrafta.

*

Brørne Wright lærte oss å flyge. Men dei kunne ikkje bli i lufta. Dei måtte ned igjen. Og det må vi framleis. Det finst fuglar som lever nesten heile livet sitt i lufta. Men vi menneske høyrer til på jorda. Gravitasjonkrafta held oss her. Den held oss på ein måte audmjuke. Det finst grenser for oss. Det finst krefter vi er underlagde.

Vi har fått eit innblikk i Abraham sitt hus i den første lesinga i dag. Det er eigentleg ei konflikt bak lukka dører. Men eit telt er ikkje lydtett. Dermed har vi fått historia om Sara og den egyptiske slavekvinnas Hagar, og om deira søner med Abraham, Isak og Ismael. Ei historie om sterke morskjensler og kanskje om sjalusi. Og om Abraham, som står midt imellom, ute av stand til å gjere noko. Og han tek det tungt, les vi. For dei er begge mødrer til hans barn. Og gutane er begge hans søner.

*

Det finst gravitasjonskrefter i livet. Flokar som held oss fast. Abraham tek det tungt. Han ser ingen løysing. Slik vi av og til er innblanda i saker vi ikkje ser ei løysing på.

Men Gud har planar som overgår våre. «Ta det ikkje så tungt, dette som hende med guten og tenestekvinnas di», seier Gud til Abraham. Nokre gongar er vi så djupt involvert at vi er ute av posisjon til å ordne opp. Men Gud har vegar. Gud er på begge sider i ei konflikt. Han er på begge sider i eit brot. Han har omsorg for alt han har skapt. For Hagar og Sara. For Ismael og Isak. For muslimar og jødar. For oss og for vår nabo.

*

Vi er strengar som heng saman. Vi er bundne til jorda og til kvarandre. Gud frelser oss ikkje ved å ta oss ut av gravitasjonsfeltet. Han frelser oss ved at han kom inn i gravitasjonsfeltet. «Får då Sonen frigjort dykk, då vert de verkeleg fri», seier Jesus i evangeliet i dag. Viss vi vil bli fri, må vi altså gå den same vegen. Jesus fekk ikkje vengjer. Han vart ikkje heva over menneskelege føresetnader. Han gjekk inn i stemmene. Inn i mylderet. Inn i det kaoset av følelsar det inneber å vere menneske. Den fridomen han snakkar om, må finnast her, på jorda. I relasjonane. Underlagt gravitasjonskreftene. For det er her vi høyrer til.

*

Stå stilla i smärtan, skriv Ylva Eggehorn ein stad. Låt sverdet gå genom deg. Kanske är det inte et sverd. Kanske er det en stämgaffel.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage Ande.....